

Rettslege steg om omsorgsbustadane?

04.09.2013

Hvis Kvinnherad Vekstbedrift ikkje får medhald i klaga som er sendt vil dei vurdere rettslege steg for å stoppa tildeling av kontrakta til Trygge Bustader. Saka er no til vurdering hos kommunen sin advokat før ho går til formannskapet.

Saka gjeld 12 omsorgsbustader sentralt i Uskedalen. KV meiner at saka har hatt så mange ålvorlege feil at konkurransen skulle vore avlyst eller at KV burde tildelast kontrakta,

Det vert mellom anna vist til at TB ikkje har dokumentert tekniske og faglege kvalifikasjonar og ikkje lagt fram skatteavgift for moms.

I tilbodet står det at selskapet er klar til å auka eigenkapitalen monaleg men det føreligg ingen plikter i eit slikt utsegn, seier advokaten til KV